



Norges Bondelag
Oslo

Vår sakshandsamar
Gunnar K. Wentzel
gunnar.wentzel@bondelaget.no
Tlf 71 20 28 92 m907 29 582

Vår dato
12. mars 2011
Deres dato

Vår referanse
Deres referanse

Uttale jordbruksforhandlingane 2011 frå Møre og Romsdal Bondelag

1 Hovudkrav

1. 1 Dei tre Vestlandsfylka gjer framlegg om ein samla tiltakspakke over fleire år.

Det arbeidskrevjane husdyrhaldet på Vestlandet treng ein samla tiltakspakke over fleire år. Tiltaka må bli meir treffsikre for å oppfylle måla. Medlemene konstaterer at produksjonen og arbeidsmengda har auka utan tilsvarende inntektsvekst. Lokallaga er tydelege på at grovfôrbaserte produksjonar og spesielt mjølk må bli prioritert.

Inntektsnivået og kapitalgodtgjersla på referansebruka og fordelinga av produksjonstillegg viser at Norges Bondelag må prioritere spesielt mjølkeproduksjonen ytterlegare.

Husdyrproduksjonane må også bli prioritert med bakgrunn i arbeidsomfang og beredskap alle dagar heile året.

1. Distriktstilskot mjølk sone D fjord- og fjellbygdene opp 25 øre pr liter (ca 130 mill kr)

2. Vestlandet eigen sone for:

Distriktstilskot sau- og storfekkjøt Vestlandet opp kr 3 pr kg for dagens sone 2 og 3.

Beitetilstokt få ein eigen og høgare sone for Vestlandet for storfe og småfe
med sikte på å få fleire dyr på beite.

3. Eiga investeringspakke med auka tilskot og rentestøtte til bruksutbygging for husdyrhald på Vestlandet for å oppretthalde produksjon og fleire bruk i drift.

4. Oppretthalde effekten av struktur- og distriktstiltak i virkemiddelbruken.

5. Utvikle arealstøtta for heile landet slik at det tek omsyn til driftsulempe og miljø.

6. Tilskot til hydrotekniske tiltak som grøfting og profilering.

1.2 Behovet for satsing på Vestlandspakke og det arbeidskrevjande husdyrhaldet

Til tross for at både faglaga og departementet har uttrykt særskilt bekymring for utviklinga i landbruket i dei tre Vestlandsfylka, hadde siste jordbruksavtale ingen målretta tiltak i landsdelen. Dei tre Vestlandsfylka går sterkest tilbake på nesten alle område. Det har overraska oss at trass i stor interesse for investeringsmidlar i alle år har Møre og Romsdal gått mest tilbake i tal kyr og storfe, ved sal av kvote, og utbetalt produksjonstillegg på Vestlandet.

Effektivitetsutviklinga og nye driftsmåte er ein spesiell utfordring for Vestlandet med klima og jordbotnsforhold, arealstruktur og topografi.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	E-postadresse
PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Fannestrandsveien 63 Molde	71 20 28 90 907 29 582m/SMS	more.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto: 3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

Midlane over statsbudsjettet må bli nytta målretta for å gi utjamning mellom distrikt og produksjonar, sikre matproduksjon og variert bruksutvikling over heile landet. Fjord- og fjellbygdene gir legitimitet til norsk landbrukspolitikk og nasjonal identitet. Stadig større del av matproduksjonen blir konsentrert i dei beste jordbruksområda i landet.

1.3 Rekrutterings- og investeringssituasjonen på Vestlandet

Det var svært positivt at Norges Bondelag kravde ein eigen investeringspakke på 100 mill kr årleg for grovförbasert husdyrhald over statsbudsjettet utanom jordbruksavtala for område med spesielle utfordringar. Dette blei særleg knytt til nedgongen i jordbruksareal i drift der dei tre Vestlandsfylka er på topp saman med Finnmark og Troms.

1.4 Referansebruks dokumenterer behov for omprioritering av virkemidlar

Dagens virkemidlar er ikkje nok til å motverke at stadig meir produksjon, også kjøtproduksjonen på grovfôr, blir flytta til dei beste områda i landet. Møre og Romsdal Bondelag gjer difor framlegg om ei rekke omprioriteringar for å målrette virkemidla slik at dei i større grad gir inntekt, produksjon, investeringar og miljøeffekt.

Referansebruks med driftsgranskingsane må ha med fleire bruk som har investert nyleg. Det manglar også referansebruk for rein svinekjøtproduksjon som ikkje har korn.

Kapitalgodtgjersle på referansebruks med mjølk fører til for låge inntekter

Viser til brev frå Nord-Trøndelag Bondelag til Norges Bondelag juni 2010.

Kapitalgodtgjersla for bruk med mjølk må i større grad vise dagens faktiske kostnadsnivå for å gi meir rett vederlag til arbeid og eigenkapital enn det som er lagt til grunn i referansebruks. Bakgrunnsmaterialet i Budsjettet viser at det er ein systematisk skilnad mellom dei ulike produksjonane i referansebruks når det gjeld bygningskapital og med det dekning av renter på lånt kapital og avskrivningar / kapitalslit. Kapitalgodtgjersla basert på historisk kostpris er for låg i forhold til dagens byggkostnad.

Eksempla viser at det blir ein systematisk feil i inntektsutmålinga for ulike driftsformer:

Referansebruk	Bygningskapital kr pr årsverk på ref. bruket	Gjeldsrenter og avskrivningar kr pr årsverk ref. bruket	Kapitalbehov ved investering i dag Kr pr årsverk
20 mjølkekyr	498.000	76.000	3 mill kr
333 dekar korn	783.000	176.000	0 – 0,5 mill kr
136 v f sau	308.000	55.000	1,5 mill kr
46 purker 357 da korn	1.303.000	152.000	2,5 mill kr
25 ammekyr	623.000	89.000	1-2,5 mill kr

Vederlag pr arbeidstime er svært ulik mellom produksjonar og distrikt.

Referansebruks viser faktiske rekneshap der kostnadsfaktorar dels er normalisert. Resultata viser ein skilnad i årsverksinntekt på heile 180.000 kr. (Referansebruksutrekningar med fullt utslag 2011): Frå kr 160.000 til kr 340.000 pr årsverk (korn og potet).
(Ref. bruk 22 med 0,38 årsverk korn er halde utanom.)


Produksjonstilskota, som er dei verkemidla ein kan nytte til fordeling mellom bruk og distrikt, viser også stor skilnad pr årsverk i arealbaserte produksjonar med over 200.000 kr (Referansebruksutrekningar med fullt utslag 2011):

Frå 112.000 kr og opp til 320.000 kr for dei største kornbruka.

Bruk 19 årskyr Vestlandet får kr 244.000 pr årsverk.

Også innan kornproduksjonen er det ein skilnad på utbalt produksjonstillegg mellom dei største og minste referansebruka på over kr 80.000 pr årsverk.

Distrikta med det arbeidskrevjande husdyrhaldet er taparar når det gjeld fordelinga av dei aukande løyvingane til produksjonstilskot dei siste 15 åra i strid med uttalte mål:



Konklusjon: Kapitalgodtgjersla for ulike driftsformer, vederlag pr arbeidstime og fordeling av produksjonstillegg viser at det er behov for grundig vurdering av bakgrunnsmaterialet og tilpassing av virkemidla. Møre og Romsdal Bondelag ser på dette grunnlag behov for at mjølkeproduksjonen blir ytterlegare prioritert.

2 Prisar på jordbruksvarer må vidare opp

Mjølk: Målpris for mjølk må opp minst 40 øre pr liter for all mjølk. Innføring av prosenttoll gir høve til å ta ut meir på konsummjølk.
For å sikre mjøkeproduksjonen og norsk foredlingsindustri bør det bli innført prosenttoll også for ost og smakstilsette mjøkeprodukt.

Storfekjøt: Det må vere ein prisauke som minst kompenserer for kostnadsauke innanfor det rom som tollvernet gir.

Sau: Det er grunnlag i marknaden for vesentleg prisauke.

Gris: Målprisen på svinekjøt bør opp minst kr 1,50/kg. Siste tiåret er målprisen på svinekjøt redusert med 8,5%, mens kraftførprisen har gått opp med 25%. Lyse kjøtslag bør ikkje vere så markerte lågprisvarer til forbrukar som vi ser i dag. Vi meiner det er grunnlag for vesentleg inntektsauke ved pris.

Egg: Prisauke må stå i forhold til fare for overproduksjon.

Den doble mottaksplikta Nortura har for egg må fjernast.

Kylling: Det må vere ein prisauke som minst kompenserer for kostnadsauke innanfor det rom som tollvernet gir.

Korn: Auka målpris i kornsektoren må ikkje skape ein situasjon som overfører arbeidet med forbeting av økonomien i husdyrproduksjonane til sentrale kornområde.

3 Budsjettmidlane - Forslag til betre målretting og omprioritering

3.1 Distriktstilskotet – målretta tiltak for mjølk og kjøt i fjord- og fjellbygdene

Distriktstilskotet er målretta ned på gardsnivå og med garantert distriktsverknad og bør vere eit av dei prioriterte tiltaka. Distriktstilskotet er knytt til faktisk levert produkt og kompenserer kostnadene etter mengde. Distriktstillegga imøtekjem difor også dei litt større brukna i forhold til kostnadene som fylgjer produksjonsomfanget.

Distriktstilskot har ikkje kostnadsdrivande effekt på leigejord slik som arealtillegg.

Distriktstilskot er billeg å forvalte og lett å kontrollere.

3.2 Arealtillegga

Arealtilskot grovfôr: Vi reknar med at partane i forhandlingane igjen kan kome til å drøfte lik sats for alt grovfôrareal innanfor sona som følgje av kampen om leigejord mellom ulike planteproduksjonar, og som følgje av forslag frå LMD om endring av reglane for mjølkekvoter. Eventuell utflating av arealtilskot for grovfôr må kompenseraast for struktureffekt og distrikt. Grovfôr bør ha same arealtilskot som korn for å sikre mest muleghensiktsmessig bruk av areala. Dette vil krevje friske midlar sidan korn har høgare satsar.

3.3 Husdyrtilstskot

Ein del av tilskot til husdyr bør over på tilskot for slakt av ein viss kvalitet, slik som for lammeslakt. Dette vil stimulere kvalitet og lønsemd i alle ledd.

3.4 Frakttilstskot

Stadfrakttilstskotet er viktig for frakt av ferdig kraftfôr i dei delar av landet der fraktkostnadene er særleg store, og bør prioriterast. Tilskotet dekkjer ikkje faktiske meirkostnader for dei dyraste fraktene. Trass i auka stadfrakttilstskot og at både Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal og Agri har intern fraktutjamning, er det likevel ulike fakturerte kostnader til kraftfôrkjøparar rundt i landet. I ein konkurransesituasjon er det utfordrande å oppretthalde omfattande intern fraktutjamning.

Tilstskot til innfrakt av slakt bør auke. Dette var ei ny ordning i 2010. Løyvinga i 2010 var ikkje etter behovet ut frå prinsippa som er lagt til grunn og må justerast i forhold til auka fraktkostnader. Dette utgjer 30 mill kr.

Pelsdyrfôr må framleis ha frakttilstskot. Pelsdyrfarmar i fylket får no føret frå Trondheim.

3.5 Skogskjøtsel og bioenergi –post på 228 mill kr i Landbrukets Utbyggingsfond

Kystsogbruket står framfor avvirkning av store områder med planta granskog og det vil vere stort behov for skogsvegar. Det er difor viktig å prioritere midlar til vegbygging. Definisjonen av tyngre tekniske inngrep bør endrast slik at INON ikkje blir eit hinder for næringsaktivitet. Det er behov for å endre forskrift for skogbruksplan slik at det er meir tilpassa skogeigarane sine behov. For å styrke skogen som miljøfaktor trengst eit brent sett med tiltak for skogkultur og skatteordningars som skogfrådrag ved gjennomsnittslikning. Høgare tilskot ved samarbeid over eigedomsgrensene trengst for å stimulere til aktivitet på dei mindre skogeigedomane der store delar av den hogstmodne skogen no skal haustast. Bioenergi bør få grøne sertifikat liksom for el-kraft. Bioenergimarknaden er umoden og treng støtte for å få realisert nye anlegg. Skogreising og skogskjøtsel er viktig for å sikre framtidsskogen.

3.6 Omprioritering av virkemidlar

Møre og Romsdal Bondelag gjer framlegg om ei rekke omprioriteringar for å målrette virkemidla slik at dei i større grad gir inntekt, produksjon, investeringar, og miljøeffekt. Meir bruk av prisstøtte: Produksjonstillegga bør følgje produsert vare i størst muleg grad, slik som distriktstillegg og kvalitetstillegg for lammeslakt. WTO-tilpassinga har svekka bruken av prisstøtte som eit effektivt og målretta virkemiddel. Nokre produksjonstillegg styrker ikkje produksjonen, men fører til dårleg utnytting av areal.

Vi meiner prinsipielt at produksjonstillegga burde vore fordelt lineært (etter kontinuerlige funksjonar) i staden for etter tabell med trappetrinn som skaper tilpassing og urettvis fordeling.

Økonomien i næringa er slik at ein bør prioritere strengt midlar til ulike gode føremål for at mest muleg midlar kan gå til direkte utbetaling til produsentane. Av ei avtaleramme på 13.303 mill kr blir rundt 11.830 mill kr direkte utbetalt inkl velferd. I tillegg går 444 mill kr til investeringsmidlar ved bruksutbygging (2011).

Mange fellestiltak over jordbruksavtala er heilt avgjerande, som marknadsregulering, fraktordningar, investering, avl, rettleiing, fellesanlegg og nedskriving av norsk råvarepris til matindustrien.

**Landbrukets Utbyggingsfond er på i alt 1204 mill kr,
herav er Fylkesvise bygdeutviklingsmidler på berre 444 mill kr:**

Tilretteleggingsmidlar til FMLA 60 mill kr, Møre 4,4 mill kr: Vår vurdering på fylkesplan er at rundt halvdelen av midlane bør bli prioritert over til investeringstiltak. Desse midlane går i vårt fylke i dag til ulike prosjekt i landbruksorganisasjonane og andre organ, arrangement, bygdemobilisering og utgreiingar.

KSL Matmerk 46 mill kr: Bør sjå på om det er muleg å rasjonalisere med tanke på rimelegare tiltak og overføre midlar til andre tiltak.

Regionale miljøprogram 410 mill kr: Overføre 100 mill kr til fylkesvise BU-midlar. Resten bør på sikt gå inn eit nytt skiftetillegg der areala er klassifisert ut frå driftsulempe og miljøverdiar.

Tilskot til avlsorganisasjonar: 13 mill kr – omfanget av tilskotet kan vurderast.
Tilskot til landbrukets HMS-teneste 14 mill kr: Vurdere over på avløysing ved sjukdom.
Forsking 48 mill kr: Blir nytta til å finansiere eigendel for næringa. Omfanget bør bli vurdert kritisk. Aktuelt å finansiere utprøving av miljøvenleg gjødselspreiing som er tilpassa dei ulike tilhøva over heile landet (no på 11 mill kr til nokre område).

SMIL-midlar på 115 mill kr bør gå ut som eigen ordning. Dei er kostbare å forvalte og bør bli omfordelt til investeringsmidlar øyremerka til hydrotekniske tiltak som grøfting, til nydyrkning, og tiltak som vedlikehald og nyanlegg av sperregjerde mot utmark. Desse tiltaka vil i minst like stor grad ta vare på formåla med SMIL-midlane. Dette er inntektsavtale-midlar og som skal gå til inntektsfremmende tiltak i næringa. Ved ei fjerning av SMIL-midlane må det kome ei ordning for vedlikehald og nyanlegg av sperregjerde mot utmark.

Verdsarv 3 mill kr og **Utviklingstiltak i økologisk landbruk** 8 mill kr bør heilt over på Miljøverndepartementet.

Utviklingstiltak i økologisk landbruk 44 mill kr til ulike organ bør bli tildelt på leveranse av økologiske produkt, m a korn.

Tilskot til økologisk jordbruk 137 mill kr. Mest muleg av midlane bør stimulere til leveranse og kvalitet som vert omsatt som økologiske produkt.

4 Skatt – avgift – avskrivingar

Rammevilkåra er ikkje gode nok for dei som vil satse som sjølvstendig næringsdrivande.

Jordbruksfrådraget må gjelde fullt ut for kvar einskild som har næringsinntekt frå gard.

Næringsutviklingspakke: Regjeringa bør som ein del av sin næringsstrategi for landbruket med tilleggsnæringar gå gjennom alle kostnadsdrivande tiltak, avgiftar på kjøtkontroll, kraftfør, drivstoff, el-kraft, skattar, andre avgifter og regelverk.

Avgifter på kjøtkontroll, mattilsyn og forsking må over på statsbudsjettet.

For konsesjonsbuskap slaktegris før produksjonsregulering kr 95.000 pr år (56 øre/kg)

Kjøtkontroll- og Mattilsynsavgifta ($0,33 + 0,49$ kr pr kg slakt) må over på det offentlege.

Desse avgiftene utgjer t.d. kr 135 000 årleg for ei konsesjonsbesetning med slaktegris.

Omsetningsavgifta og Forskningsavgiftene må bli prioritert strengt. Dei utgjer for ein vanleg kubuskap: $8 \text{ øre} + 1,59 \text{ øre pr ltr} = \text{kr } 10.500 \text{ pr år}$ berre for mjølka.

For ein konsesjonsbuskap med 2.100 slaktegris a 78 kg utgjer berre omsetningsavgifta på kr 1,10 tilsaman kr 180.000.

Skattefri fondsavsetnad for reinvestering i garden bør bli innført, også ved sal av delar av næringseigedom, og ved sal av mjølkekvote. Jfr også skogfondssystemet.

Avskrivingssatsen for næringsbygg må opp frå 4 til 8%.

Rekruttering og generasjonsskifte

Det beste og mest effektive rekrutteringstiltak er konkurransedyktig økonomi.

Det bør bli arbeidd med eit sett av virkemiddel for dei som skal inn i næringa, inkl skatt, avgift, lover og enklare reglar.

Investeringsfondsordning for unge som ei "BSU-ordning" må kome med årleg avsetnad på minst kr 50.000.

Vi ser behov for tiltak som medverkar til at fleire bruk kjem på sal slik at unge som er interessert kan få kjøpe og drive gard. Det må vere lønsamt å selje gardsbruk i drift framfor å slakte garden ved sal av ulike delar.

Skattelegginga stimulerer ikkje sal av garden ut av familien.

5 Næringsutvikling og kapitalbehov

Lokallaga prioriterer investeringsmidlar på topp etter direkte inntektshevande tiltak.

Investeringsmidlar er svært målretta rekrutteringstiltak.

Utviding av båsplassar for mjølkeproduksjon på bruk som tek over kvote frå dei som vil slutte i dei komande åra utgjer mange hundre millionar kronar årleg. I tillegg kjem finansiering av kvotekjøp. Vi må ha sterke investeringsmidlar som set fart på bruksutbygginga no som vi er inne i eit omfattande generasjonsskifte. For å få mange nok som satsar meiner vi Vestlandet treng ekstra investeringsmidlar som ein del av ein Vestlandspakke.

Rentestøtteordninga bør bli forvalta i ein sentral utjamningspott for å få balanse mellom tilskot og rentemidlar. Då kan tilskota bli fordelt på fylka, og rentestøtta frå ein nasjonal pott.

Investeringsvirkemidla må dekke større del av byggekostnaden for å få økonomi i husdyrhaldet etter utbygging.

Vi tilrar ikkje ein så komplisert investeringsmodell som Norges Bondelag har vurdert.

Investeringsmidlane bør ha same tak for tildeling i alle fylke i Sør-Norge.
Hydrotekniske tiltak, grøfting og nydyrkning bør inn i ei finansieringssordning.

Investeringstilskot:

Vi gjer framlegg om tilskot på inntil 30% av kostnadsoverslaget og nytt nasjonalt tak på inntil 1 mill kr.

(M&R 2010: 20% og kr 750.000).

Rentestøtte:

Rentestøtte-midlane bør vere så romslege at det er muleg å auke opp til 75% av kostnadsoverslag eller 75% av fastsett statsrente.

Rentestøtta i fylket ønskjer vi å få opp til eit tak på 7,5 mill kr.

(Det er ikkje nasjonalt tak rentestøtte.)

(M&R 2010: Inntil 60% av kostnadsoverslag og 50% av statsrenta. Tak på 3 mill kr).

Rentestøtte bør utvidast til å gjelde både for gjennomførte og planlagde investeringar.

Etableringstilskot for unge under 35 år og innan 5 år etter eigarskifte er ei god ordning i jordbruksavtala. Tilskotet kan nyttast til visse investeringar og er på 40% inntil ei kostnad på 750.000 kr. (Møre og Romsdal 2011.)

Vi må vurdere nærmere om Etableringstilskot ved eigarskifte i BU-midlane kan bli nytta til kjøp av mjølkekvote opp til gjennomsnittproduksjon.

6 Miljø og økologisk produksjon

– vurdere ny strategi basert på behov og tiltak som sikrar vareproduksjonen

Tiltak innan økologisk produksjon bør i størst muleg grad stimulere til bruk av krinslaupsressursar på den einskilde gard, og med sikte på å dekkje etterspurnaden innanlands etter økologiske matvarer.

Innsatsfaktorar, som kraftfôr, bør bli produsert innanlands for å sikre truverdet.

Alle tiltak i næringa bør stimulere til berekraftig drift.

Gjødsel- og miljøplan og kvalitetssystemet er slike tiltak.

Krava til dyrevelferd bør vere likt for alle produksjonsmåtar.

Det er viktig å fremme overføring av kunnskap mellom bønder med ulike produksjonsmåtar.

Gratis førsteråd bør halde fram.

7 Velferdsordningane

Velferdsordningane bør justerast i takt med kostnadsauken. Elles vil vi prioritere direkte inntektshevande tiltak så lenge det er avgrensa med budsjettmidlar.

Utbetaling av avløysingsmidlar minst to gonger i året.

Satellittar i purkering bør få avløysartilskot ut frå sitt reelle produksjonsvolum.

8 Korn og kraftfôr

8.1 Kostnadsoppbygginga i husdyrproduksjonane - Utvikle nye meir balanserte pris- og kostnadsstrukturar mellom fôrkorn og husdyrprodukt

Kraftfôrprisane er ei avtalesak. Det må skapast dynamiske instrument som balanserer fôrkostnadene i husdyrhaldet. Prisfall på husdyrprodukta bør speglast att i kraftfôrkostnadene. Dagens system kan gi avtalte prisar på korn til kraftfôr samstundes som prisen på husdyrprodukta vekslar med marknaden.

Auka målpris i kornsektoren må ikkje skape ein situasjon som overfører arbeidet med forbetrинг av økonomien i husdyrproduksjonane til sentrale kornområde.

Dette er aktualisert ved at delar av sikkerheitsnettet kan bli svakare for fleire husdyrprodukt ved den nye marknadsordninga og med bortfall av målpris. Ei ny ordning kan kanskje vere finansiert ved at det blir opna for at omsetnadsavgiftene kan nyttast til å tilpasse situasjonen mellom produkt.

8.2 Kraftfôrprisen må ned - Fôrkorn må bli betalt etter kvalitet.

Kraftfôrkostnadene utgjer 25% av samla kostnader i jordbruket inkl. kapitalkostnader. Korninntektene er 2,5 mrd kr - mot kraftfôrkostnadene som er på 5,946 mrd kr.

8.3 Prisnedskriving korn – omprioritere til målretting og kvalitetstiltak

Det er behov for meir målretting av virkemidla innan korn og kraftfôr, og samtidig prioritere kvalitet slik at det ikkje belastar kraftfôrkjøparane. Det må bli lagt inn tiltak no som medverkar til dette og vi kan ikkje vente år etter år på å få betre kvalitet. Eksisterande budsjettmidlar bør bli aktivt nytta til å auke fokuset på kvalitet.

9 Mjølk

Mjølk – strukturtilllegg bør ta utgangspunkt i gjennomsnittleg driftsomfang

Produksjonstillegg for mjølkeku bør ha maksimalt strukturtilllegg opp til gjennomsnittlig driftsomfang for å styrke økonomien. I dag er snittet 20 kyr.

Sats for mjølkekryr over 25 kyr må minst vere på høgde med ungdyr.

Tilsvarande er det grunnlag for å sjå på intervalla for tilskot til mjølkegeit.

Mjølkekvote, samdrift og kvoteleige

Møre og Romsdal Bondelag ser det som ønskjeleg å få ro rundt strukturpolitikken på lengre sikt. Styret meiner visse endringar kan styrke kvoteordninga.

Ordningane må ha som siktemål å fremme økonomien på dei ulike type bruk vi faktisk har og halde fast på strukturinnretninga.

Driftsomfanget bør vere basert på ønskje hos brukaren og forholda på garden.

Mjølkekvote til sal for unge som vil starte som mjølkeprodusentar må halde fram, og evt restkvote bli fordelt også til nye utanom prioriterte område (rovdyr og næringssvake).

Prisen på statleg kvote bør bli senka. Vi trur ikkje at lågare pris vil bety at fleire leiger bort kvoten i staden for å selje den.

Kvotetak: Lokallaga meiner det er uråd å ha ulike tak for mjølkekvote. I dag er det høve til å gå inn i samdrift med kvotetak på 750.000 liter og i praksis berre vere ein aktiv brukar. Vi går difor inn for at det må vere eit felles kvotetak for einskildføretak og samdrifter.

Vi treng ein variert bruksstruktur der volumet blir tilpassa det einskilde bruk og til ulike delar av landet.

Med dette bør også reglane for produksjonstillegg halde fram slik at alle deltakarar i samdrift på vilkår som i dag kan søkje eige produksjonstillegg for andre husdyr, areal og avløysing. Dette er ei sak for avtalepartane og er ikkje ein del av siktemålet med kvoteordninga. Forsлага vil få store økonomiske konsekvensar for einskildbruk som har drift basert på dagens reglar.

Sovande kvote: Ordninga bør no avviklast. Vi ser ingen grunn til å endre dagens regel slik at det blir høve til å nyttesovande kvote utan at den først blir aktivisert. Etter at det no er

høve til å leige bort kvote bør ein no avvikle ordninga slik at alle sovande kvoter blir trekt inn etter 2 år.

Reglane om at sovande kvote berre kan takast i bruk om det først skjer ved produksjon på eigen gard i 2 år har gjeldt i mange år. Vi meiner at på sikt, og med eller utan ein WTO-avtale, kan endring skape ny usikkerheit om forholdstal og marknadsoverskot. I praksis meiner vi dette vil bety at det blir fleire som får betalt for å leige ut eller i framtida selje kvote på kostnad av aktive produsentar. Sovande kvote på 42 mill liter med minimumspris kr 3,50 blir ved sal 147 mill kr som produsentane må betale i staden for å få auka forholdstal.

Vi er samde i desse endringsforsлага frå departementet til nye kvotereglar:

- Delar av kvote skal kunne seljast, slik det i dag er høve til å leige bort delar av kvote.
- Kvotekjøp innan den statlege kvotedelen bør bli fordelt som i dag, men at lik minstekvote for alle blir auka til 5.000 liter.
- Høve til oppstart av mjølkeproduksjon ved kjøp av kvote i marknaden.
- Høve til å produsere disponibel kvote på det bruket ein ønsker innan regionen.

Geitemjølk: Det er overproduksjon av geitmjølk slik at ein bør stoppe nyetablering og konvertering av kvote frå ku- til geitemjølk for ei tid.

10 Kjøt og egg

Sau

Prinsipielt må det vere ein føresetnad for produksjonstillegg at det blir levert produkt. Ein større del av produksjonstillegg for sau og lam bør over på kvalitetstillegg.

Beitetilskot og utmarksbeitetilskot er viktige.

Tilskot til avlslam bør bli gjeve for 25% av påsettsau. + geit som i fjar

Det bør bli opna for at samdrift på sau kan kombinerast med mjølkeproduksjon i einskildføretak utan tap av produksjonstillegg, tilsvarende som for ammeku.

Gris

Satellittane i purkeringane må få tilskot ut frå reelt produksjonsvolum.

Vi tilrår ein viss auke i produksjonstillegg for purke og slaktegris for det første intervallet. Siste tiåret er talet på bruk i fylket med purker redusert med 40% og nesten like mykje på slaktegris. Produsert mengde har likevel gått noko opp. Det er kome forslag om innføring av grunntilskot på svinekjøt. Vi meiner det er rom for vesentleg prisauke i marknaden, og viser til at det er distriktstilskot på gris i vest med kr 1,10/kg.

Egg: Fjerne dobbel mottaksplikt for egg hos Nortura.

Pelsdyr: Faglaga må ha fokus på utfordringane i pelsdyrhaldet.

Tilskot til norske bevaringsverdige hesterasar

For å stimulere næringsmessig avl og bruk av særeigne norske hesterasar som går tilbake, og som ein del av Norges Bondelag sin satsing på hest som næring, ber vi om at det blir vurdert nytt produksjonstillegg til hest av visse norske raser liksom for visse storféraser.

11 Grøntproduksjonane har potensiale

Produksjonen av jordbær til konservesindustrien har hatt ei negativ utvikling dei siste åra. Hovudårsaka er ei klar forverring av økonomien innafor produksjonen. Viktige produksjonsmiljø for industrijordbær ligg i Møre og Romsdal. Skal ein kunne snu

utviklinga, må det setjast i verk tiltak som kan betre økonomien for produsentane. Blant tiltaka er:

- Auka distrikts- og kvalitetstilskotet for industrijordbær til same sats som for frukt. Det utgjer ein auke frå kr 2,83 kr / kg til 4,27. Samla ca 1,4 mill kr
- Støtte til innfrysingsanlegg for bær som tilfredsstiller kvalitetskrava til industrien, tilsvarande støtta til fruktager.

Kostnadsauken er ei utfordring for grøntnæringa. Produsentane greier ikkje å kompensere for kostnadsveksten i form av auka prisuttak i marknaden. Dette gjer behovet for tilskot inn i grøntnæringa større.

- Målprisen må aukast tilsvarande konsumprisindeksen.
- Øvre grense for distriktstilskot til bær må aukast frå 38 000 kg til 45 000 kg.
- Arealtilskotet må aukast med 200 kr per dekar i sone 5.
- Eiga sone for areal og kulturlandskapstilskot for potet og grønsaker i sone 5. Arealarronderingane tilseier at det bør vere ein høgare sats i sone 5: 300 kr per dekar for potet og 1000 kroner per dekar for grønsaker.

Vi viser elles til innspela frå Grøntutvalet for Vestlandet for nærmare utdjupning.

12 Anna – Informasjonsarbeid og forhandlingssituasjonen

Dei (7) lokallaga som har uttala seg om det meiner Norges Bondelag bør bryte forhandlingane dersom ikkje inntektsgapet blir tetta noko.

Vi er tilfreds med at Norges Bondelag har ytterlegare forsterka informasjonsarbeidet og tiltak i forkant av forhandlingane.

Informasjonstiltak: Surnadal gjer framlegg om TV-reklame med animasjon frå populære turistmål eller ein togreise som viser gradvis attgroing av åker og eng og nedlagde bruk.

Handsaming av uttalen i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal Bondelag har i år endegle handsaming av uttalen i Årsmøtet 12. mars. Fylkeslaget baserer sin uttale på 27 innsende skriv eller svar på spørjeskjema frå lokale Bondelag samt 6 andre organisasjoner.

Utkast vart sendt lokallaga før jul. Prioriterte saker vart drøfta med Vestlandsfylka 6. januar. Så i utvida styremøte med åtte representantar for samarbeidande organisasjoner 3. mars.

Vi ønskjer våre forhandlarar lukke til!

Med vennlig helsing Inge Martin Karlsvik

Gunnar K. Wentzel

Vedlegg i særskild sending uttale og/eller svarskjema frå desse 27 lokale Bondelag:

Hustad, Surnadal, Valldal, Hjørundfjord, Stranda, Halsa og Valsøyfjord, Eidsdal og Norddal, Nesset, Aure og Tustna Vestnes, Ørsta, Liabygda, Gjemnes, Tingvoll, Ålvund, Øksendal, Austefjorden, Sykkylven, Rindal, Rauma, Averøy, Ytre Haram, Todalen, Smøla, Eide, Ørskog og Hildre og Vatne. Herav 17 med svarskjema. Andre organ: Grøntutvalet, Fylkeskommunen, Allskog, Tine Midt-Norge, Tine Vest, Norsvin M&R.